

farisæarane som rådde mest. Lauvet lyste fint og grønt, men frukt var ikkje å finna. Jesus fann eit folk som æra Gud med lippone medan hjarta var langt burte. Difor hadde han og fyrr tala um eit fiketre som ikkje bar frukt, det som ei garen dømde, men hagemannen bad for.

Sjå no berre palmesundag som det er fortalt um straks fyrr vår tekst.

Då hadde folket ropa og jubla: Hosianna! Men kva meinte mengdi med det? Vilde dei verkeleg fylgia Jesus? Nei, det synte seg kor snart ropet slo um til «krossfest!» Hosiannaropet hadde vore tome ord, berre lauv, ikkje frukt.

Jesu under skal syna vegen som lærersteinane kann fylgja, når dei berre hev tru.

Dei skulde forkynna eit Guds tre som bar frukt. Korleis skulde dei greida det i dette jødefolket som berre hadde det med ord og ytre skin?

Jødefolket skulde visna. Den falske vokster som stod i vegen, skulde burt. Det gjekk so då Jerusalem vart øydelagt.

Vel hev jødefolket seige og lange rotteger, so det renn upp att både her og der. Men det held seg mest til lauet no og. Dei driv med handel og pengar, ikkje produksjon. I bokavlen fører dei kritik og kalde tankar. Dei skapar ikkje noko. Skal ein jøde verkeleg samla seg til eit gagns livsverk, då må han verta kristen, hev ein sagt som kjenner jødefolket godt. (Meir).

## Stille Stunder.

Det er lenge no sidan eg fyrste gongen såg bladet «Stille Stunder».

Det var hjå læraren vår, Thorvald N., han heldt det. Elles var det hjå faster mi, ho Ragna, eg såg det mest.

Faster Ragna var bondekone med stort hus og mange born. Ho fekk so visst ikkje tid til å lesa blad midt på dagen. Fyrst når borna var komne til sengs, og ho sat bøygda ved vogga, småsyngjande veslebarnet i svevn, hadde ho ei liten stund for seg sjølv. Då tok ho gjerne «Stille Stunder» fram, og det vart i sanning ei stille stund, til styrkjing for både sjel og likam. Eg tykkjer eg endå ser faster Ragna sitja ved vogga og lesa «Stille Stunder». Ho sat der so trøytt og sliti; men i tanken so langt burte, som såg ho inn i ei onnor verd, og det gjorde ho og. Ho tenkte på sin evige heim der uppe, der det alltid er kvila, alltid ei stille stund. Av og til leika det ein smil um lippone hennar, og det kunde ogso glima ei tåra. —

Eg veit ikkje; men eg trur helst at faster Ragna heldt bladet frå fyrste nummer, og at ho var glad i det treng eg ikkje segja.

No er det lenge sidan eg hev vore i heimen hennar faster Ragna. Livsvegen hev falle slik. Men eg vilde gjerne koma dit, for minni frå barnedagane leikar endå i hugen.

Tidi fører med seg skifte, og slik er det der og. Folk er stort sett dei same; men faster hev flutt heim til Gud. Ho var mykie sjukleg i det siste, og lengta heim. Far fortel at då han siste gongen vitja syster si, kunde ho ikkje tala, ho var mållaus. Men han gløymar ikkje det varme handslaget og den gode kjærlege smilen han fekk som siste takk og farvel.

Kjære ven. Du hev sikkert dei som ventar på deg i himmelen. Vil

du ikkje setja dei stemne i himmelen?

For «De venter, de venter i himmelenes stad. De venter, de venter bak portenes rad. Ja hjemgangne venner og englenes tal. De venter på mig i den himmelske sal.»

Me som er glade i «Stille Stunder», kunde me ikkje giera vårt til at fleire av våre vene og kjennigar kunde få seg ei stille stund? For er det ikkje nett det me treng alle? A.

## Solglimit

månadsblad for Norsk vanføresak — kjem ut i Alvøy, pris kr. 2,00 um året. Meldinger, utgreidningar um sakl frå inn- og utland, forteljingar o. a. Styd vanføresaki ved å tinga bladet!

## FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo, Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet. Fritt og friskt.

## Bendeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegård. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126 ved Landmannstorget.

## Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen Husbunad i norsk stil. Stort bladkald.

## Hugs bladpengane!

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3,00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingangi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda

M. Arfot's prenteverk — Volda.



Nr. 2.

30. januar 1933.

45. årgangen.

## Forklåra.

Jesus og flokken hans hadde skilst frå folket. Dei sökte kvar til seg. Meisteren sjølv, Peter, Jakob og Johannes var farne oppå fjellhøgdi, avsides, for å vera for seg sjølve i bøn. Etter ei bønestund sveipte dei tri lærersteinane kappa kring seg og la seg til å sova. Men brått for dei upp av svevnen, dei høyde mannamål. Ein forunderleg ljóske bivra ikring dei. Til meisteren var det kome two menn. Det låg eit drag yver åsynet deira, ein eld i augo, som dei jordiske saknar.

Meisteren sjølv stod der lysande. Han var forklåra.

Det stend skrive um Moses, at då han hadde tala med Gud skein det av andletet hans. Han måtte vera glad og hjartesel Moses, då han kjende seg nær Gud. Gleda braut fram og åsynet skein.

Dei tolde ikkje denne glansen, Israels-folket.

Um Stefanus — blodvitnet — fortelst det, at då han seig under dødschatet, då lyste andletet hans som ein engels. Han såg himmelen open, og Frelsaren ventande. Kjærleiken til han, som døydde først, loga upp.

Gleda lyste i heimferdsstundi, og uvenene såg det, stend det skrive.

Me veit at Jesus fekk eit utsyn yver frelse-verket sitt på forklåningsberget.

Moses og Elias kom for å tala med honom um det han skulde fullføra i Jerusalem. Um avferdi hans. Jesus såg for seg vegen gjennom pinslone og dauden og gravnatt. Han såg inn i den døkke, folne lidingsheimen. Han såg syndarhatten reisa seg til strid mot sitt elskande, blødande Frelsar-hjarta. Han såg Satans her med si mangslungne list fylke seg til slag. Han såg rettferdi med alle sine krav i Faderens hand.

Men han såg meir.

Han såg sigers-plassen oppå hjå Faderen, med kvile etter kampen. Han såg millionar englar hylla han som herre og konge. Han såg ein flokk menneskeborn på syndi og sorgi si jord, rettande sine hender og sine tårevåte augo mot han. —

Han såg frukta av sin strid: Ein flokk frelste! Ein flokk som tok imot fredens ord, og gav seg yver til han! Ein flokk frelste syndarar! Ved dette synet fylltest han med gleda. So glad var han, at åsynet hans var som soli. No var han ferdig til å byrja kampen. Ferdug til å vera offerlambet. Gud iet det skina sterkt av han. Han var forklåra.

So elsa han oss.

Eit atterskin av Jesu kjærleik kann ein endå sjå.

På ein stad er det samla ein flokk truande kristne for å styrkjast i sitt liv med Gud. Dei faer høyra um sin

Frelsar og Herre, um hans kjærleik og hans strid for dei. Um hans tunge veg frå Getsemane til Golgata, hans offerveg til Guds altar. Det vert so underleg: Dette gjorde han for dei! Alt for dei! No eig dei livet i hans namn! Sæle dag då dei skal få sjå han som han er. Møta han som dei hadde lært å elsa, han som gav sitt liv for dei! —

Gleda lyser ut av dei ved tanken på dette. Hjartans sæle sit dei der. Dei vert som forklåra. Åeve-glanseen blenker i augo.

Hev du, som les dette, kjennt sæla i samfundet med Gud?

Hev du kjennt gleda derinne ay, at uppgjørstundi med Gud er yver, og at du er barn? Gleda over å vera frelst!

Kanskje du ikkje hev det. Men du hev tenkt på det no og då. Skal det ikkje verta ålvor idag? Å, giev deg yver til Jesus no! Lat det verta idag!

Då Jesus vart forklåra, hende det noko som me burde legga merke til. Det kom ei ljós sky yver dei, Faderen si røyst var i skyi: «Dette er son min, som eg hev hugnad i. Høyr på han!»

Jesus er den fyrste og siste. Han vilde eg syna fram for deg. Teikna han for augo dine. Men når eg skal tala um hans kjærleik til deg, og det han gjorde for deg, då rekk ikkje ordi mine til. Eg vil berre se-

gja: Han hev gjort alt for deg!  
Tak imot han no.

Lat ingen ting hindra deg no! Dei som stend nær deg, lat ikkje dei hindra deg. Det er oftast tyngst å vitna for sine eigne, at ein trur på Jesus og vil vera ein kristen. Men Jesus skal gjeva deg kraft til det. Du skal sjå det gjeng vel!

Med Jesus er sælt å leva!

O. R.

## Ein Herrens krig.

Av Bernt Støylen.

(Framh. frå fyrre nr.)

Det same gjeld karakterdåningi hjå heile ætter og folkeslag. Høge og gode livsmål og grunnsetningar samlar krefte og styrker karakteren. Det vert ein god arv av sams gode sermerke, i levevis, i vane og tenkjemåte. Dette verkar på heile ætti og heile folket. Her hev me ei stor fyrreloga. Her må me vekkja ein stor strid mot alt som gjer folkekarakteren veik.

Det som jamnast øydelegg karakteren er ovhug og vonde lyster. Dei bryt sund samanhengen i sjelalivet. Det ter seg ikkje minst når rusdrykken fører tak i ein mann. Det skal ikkje mykje til fyrre han gløymar å hegda seg sjølv, og so kann han segja og gjera det som han aldri vilde koma i hug elles. Han gløymer både det han hev vore og det han vil verta, og so er det korke samanheng eller meinig i det han gjer. Rusdrykken gjer ansvar og skyldnad kann verta heilt burte for ein drukken mann. Han gløymer skyldnaden både imot seg sjølv og huslyden sin og imot Gud.

Når ansvarskjensla soleis vert burte, dårar mannen seg sjølv med tome draumebilete; difor kann ingen lita på det han segjer og gjer; mannaverdet hans er gjeve ovhugen i vald. Det er ingen karakter hjå ein drukken mann. Alle drifter hev slokke fri. Um det berre fanst

ein stad i landet der folk vart freista til å øydeleggja karakteren sin på denne måte, so måtte me føla og verta sorgjevne. Um det hende berre ein gong i ein manns liv, at han drakk so han ikkje rådde seg, so kann det endå setja eit sår i karakteren som seint vil batna, og han kann få ein flekk på æra si som ikkje let seg tvætta burt. Men no ser me dette rundt ikring oss. Drykken øydelegg folk, so livslukka vert spilt både for dei og andre. Drykken forpestar både samfund og samliv.

Ein rus er ei av dei største ulukkor for ekteskapet, og eit av dei farlegaste sår det kann få.

Fyrste gongen kona ser mannen drukken, er det som ho får ein dolk i hjarta. Ho kann ikkje lita på han lenger som ho gjorde fyrre. For kvar gong dette hender vert det verre. Det endar ofte med, at alt ansvar og alle byrder vert lagde på henne. Det er utrulegt, kva eit menneske kann koma til å gå igjenom. Det er endå meir utrulegt, at eit kristent samfund kann tola ein trafikk som øydelegg mannen, so kone og born må leva som i eit helvete på jordi.

Korleis kann ein hindra at drykken mergstel mannen soleis?

Spør dei unge som er komme på ville vegar, korleis det gjekk til. Uppatt og uppatt fører du same svaret: det var drykken som gjorde det. I drykkjelaget hørde ungguten fyrste gong dei stygge ord som sådde forgift i sjeli hans. I drykkjelaget sa han det fyrste skamlause ordet og miste blygsla, so han sidan kurde høyra og segja kva det skulde vera. Spør den unge kva det var som førde han til det fyrste grove fall. Drykken hev spilt lukka for so mang ein mann.

For det andre: Ver med i alt arbeid som kann styrkja det gode, alt som er sannt og rett i eit menneskeliv.

Legg dei unge hugen til eit godt arbeid, før dei ei livsuppgåva, so taper lystene makti. Arbeidet for eit stort livsmål hjelper oss til å verta trauste menn og kvinner. Ein høgare hug tek oss. Det kjennest best hjå dei som hev opna hjarta sitt for det evige livsideal. Dei hev

veit kva ei mor må lida når ho ser at barnet gjeng til grunns. Heller vilde eg fylgia barnet mitt til gravi, segjer mang ei mor.

Drykkjeskikkane dreg mykje vondt etter seg. Samlast ein til ein fest eller eit gilde, so lyt drykken vera med. Gamle og unge skal drikka. Det er leidt for vertsfolket, um ein i flokken ikkje vil prøva drykkjevarone deira. Gjestene kjem snart i godlag. Dei unge fører sjå og høyra slikt heime. Ein annan gong når far og mor ikkje er med, slepp dei seg meir fri. Dei ven seg til å høyra meir av uhøveleg tale, og snart tek dei etter sjølv. Finkjensla kann ikkje vakta dei lenger.

Den njotting som kveikjerådene gjev, og dei lause, lette hugsiv vert ein vane som fyl med dei unge. Alt kann dei sårt få svida for. Dei er komme i den vanen, at dei gong og annan legg ansvaret frå seg, og let vera å hegda seg sjølv. Med di bryt dei sund ein lekk i karakterkjeda. Den eine lekken ryk etter den andre, og snart vert alt laust og upålitande. Lysti rår, og livsmålet er rive ut or sjeli.

Men det kann ikkje dei kristne gjera. Dei må strida mot det vonde i seg sjølv og kringum seg. Gjev då Gud må vekkja upp i oss, so me ikkje fører fred fyrre brørne og systrene våre er frelst frå det vonde!

Herren er trufast, han skal styrkja og vara dykk frå det vonde.

ikkje tid lenger og ikkje råd heller til å øyda livskrefte sine på altaret å ovhugen. Dei er komne inn i ein stor strid mot det vonde, og ein stor strid for å frelsa menneska frå det vonde. Kvar dag møtast dei med sin herre, og vigier seg til striden. Dei ser føraren sin, og veit at han sigrar i den store striden. Dei ser at han samlar inn til seg og lækjer og nyar uppatt og styrkjer det sundrivne menneskelivet. Det set merke på livsferdi dei og den finaste lengting i sjeli, so dei veks til gode og pålitande menn og kvinner.

Ofte kann det sjå uvisst ut med sigeren. På alle måtar som tenkjast kann vert ovhugen nord; allstad trengjer han seg inn. Folk anser ikkje lenger redsleropi frå alle dei som fell. Det er so laga her i livet, segjer folk, og slepper voni um å sigra.

Men det kann ikkje dei kristne gjera. Dei må strida mot det vonde i seg sjølv og kringum seg. Gjev då Gud må vekkja upp i oss, so me ikkje fører fred fyrre brørne og systrene våre er frelst frå det vonde!

I denne bok det reine gull eg ser imot meg tindra; ei onnor bok, ho tidt er full med slagg, som vil meg hindra det beste greidt og klårt å sjå; — den gamle bok eg fram lyt få til hjarte-verk å lindra.

Eg held ho for den store skatt eg ei hev råd å missa; og um det snur seg frå meg radt alt kva eg på kann gissa — so lenge ho meg synar veg og trøystar, tuktar, lokkar, dreg — eg hev mi von og vissa.

Du veit kva bok eg talar um; det er ei fleire slike; det er vår dyre bibel som — hev aldri havt sin like.

Han er eit under på vår jord. Han alltid kjem med nye ord ifrå Guds gamle rike.

Berre me sette det um i gjerd og liv!

Det vil me beda um, og til det vil me uppmoda den eine den andre.

Um me ikkje sjølv maktar det, so maktar Jesus det, vår levande

## Eg kjenner til ei gamal bok.

Eg kjenner til ei gamal bok med ord um tyngste tankar. Vil på deg sjølv du verta klok og kvi ditt hjarta bankar, du tek ho fram og les og spør, og finn det du ei visste før; du fagre blomar sankar.

Ho vart meg kjær den gamle bok. Då hjarta fredlaust vildra, og syndeangest i meg skok og synet for meg hildra, eg greip ho i mi naud; min skrek; ho vart i øydemark ein bekke der kjeldevatnet sildra.

Eg fann i denne gamle bok min Gud; han der meg svara. Og når med bøn eg henne tok, ho trøysta, tukta, vara.

Eg hev i henne ankergrunn, og lækedom, og mat i munn eg kann ei utan fara.

I denne bok det reine gull eg ser imot meg tindra; ei onnor bok, ho tidt er full med slagg, som vil meg hindra det beste greidt og klårt å sjå; — den gamle bok eg fram lyt få til hjarte-verk å lindra.

No såg Jesus langt burte eit tre med lauv på, etter det Markus fortel. Då kunde han venta å finna fike-kanar. Men det var ikkje anna enn lauv.

Det treet vart då bilet på skrymtarane som er utantil blanke og innantil kranke. Ber du ikkje frukt, skal du ikkje hava lauv heller. Korke lauv eller frukt skal du bera meir. Det var domen yver treet og yver hyklarskapen.

Jødane var eit folk som grønka meir enn dei andre folk på jordi. Gud hadde gjeve deim store gavor i det religiøse. Men no var det

ste. Ver hugheile. I Jesus eig me æveleg reitferd. Lat han få leida oss, som er igår og idag og til æveleg tid den same! (Frå tysk.)

## Lauv og frukt.

Etter Peter Hognestad.

Tekst: Matt. 21, 18—22.

Det synest underlegt det me høyrrer um Jesus her. Han bannar eit tre so det visnar. Det er einaste gongen me høyrrer at Jesus gjorde under til skade for nokon.

Men me lyt minnast at alle Jesu under er teikn som skal peika på noko. Når han vilde syna den kærlege faderen, so lækje han sjukdomar.

Men når han vilde syna at det vilde koma ein dom yver dei som gjorde seg harde og ikkje let seg frelsa, kva teikn skulde han då gjeira? Skulde han tyna menneski? Nei, han tynte eit tre. Det er i grunnen ein stor nåde at han ikkje let domen koma straks yver folket, men først peika på han med eit under.

Fiketreet ber frukt two gonger um året, sumarfruk og haustfrukt. Sumarfruk mognast i juni, og no var det nett fyrre påske, so ingen kunde venta å finna mogi frukt. Men karten av sumarfrukti kjem fram um våren med same lauet sprekk, og denne karten plar folk eta.

No såg Jesus langt burte eit tre med lauv på, etter det Markus fortel. Då kunde han venta å finna fike-kanar. Men det var ikkje anna enn lauv.

Det treet vart då bilet på skrymtarane som er utantil blanke og innantil kranke. Ber du ikkje frukt, skal du ikkje hava lauv heller. Korke lauv eller frukt skal du bera meir. Det var domen yver treet og yver hyklarskapen.

Jødane var eit folk som grønka meir enn dei andre folk på jordi. Gud hadde gjeve deim store gavor i det religiøse. Men no var det

OLA ØDEGÅRD.